

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Administrasjonsutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	18.05.2017
<b>Tid:</b>	10:00

Til dette møte har Anne Gine Hestetun meldt forfall. Kari S. Bernardini stiller som vara.

### Program

Kl 10:00 – 12:00      Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Administrasjonsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Pål Kårbø  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 8/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 9/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 10/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 2/17	Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 2016	2014/12154	
RS 3/17	Sjukefråvær HFK 1. kvartal 2017	2014/12154	
RS 4/17	Organisering og leiing ved Hjeltnes i perioden 01.08.17 til 31.07.18	2016/4130	
RS 5/17	Tiltak mot ufrivillig deltid - Sak administrasjonsutvalet	2014/12636	
PS 11/17	Revisjon av dei etiske retningslinene	2014/23249	
PS 12/17	Revisjon av rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune	2014/19488	
PS 13/17	Lokale retningsliner for heiltidskultur - sak	2014/12636	
PS 14/17	Temaplan "Likeverd i Hordaland fylkeskommune" - vedtak	2015/11349	
PS 15/17	Ymse		

**PS 8/17 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 9/17 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 10/17 Referatsaker (meldingar)**

**Notat**Dato: 02.03.2017  
Arkivsak: 2014/12154-17  
Saksbehandlar: fromann

---

<b>Til:</b>	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune 2016****Samandrag**

Samla sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune var i 2016 på 5,95 prosent, ein reduksjon frå 6,09 prosent i 2015. Sjukefråværet var noko høgare enn gjennomsnittet for fylkeskommunane i KS, men lågare enn gjennomsnittet for norsk arbeidsliv generelt. Målet om 95 prosent nærvær vart ikkje nådd.

Eigenmeldt fråvær held seg stabilt på ca. 0,9 prosent, medan legemeldt fråvær gjekk noe ned, til 5,05 prosent. Sjukefråværet auka blant kvinner og var ca. 80 prosent høgare enn blant menn. Denne kjønnsforskjellen var i 2016 den største på fleire år.

Sjukefråværet varierer sterkt mellom sektorar og avdelingar. I tannklinikkane, eigedomsdrift og Bybanen utbygging auka fråværet frå 2015 til 2016, medan det var reduksjon i vidaregåande skular, fylkesadministrasjonen og Skyss.


**Statistikkgrunnlaget**

Fråværestala er henta frå analysemodulen HR Analyse frå og med 2014. For tidlegare år er tala henta frå ulike rapportar frå lønns- og personalsystem i HFK. Til samanlikning med nasjonalt nivå er henta tal frå KS og Statistisk sentralbyrå (SSB). Den nasjonale statistikken frå SSB og NAV er no kome på plass etter to års avbrot, slik at det frå 2017 igjen vert mogleg å samanlikne HFK-tala med nasjonale og regionale tal.

**Samla sjukefråvær i HFK – utvikling over tid.**

Det samla sjukefråværet var i 2016 på 5,95 prosent, ein reduksjon frå 6,09 prosent i 2015. Reduksjonen var på 0,14 prosentpoeng, eller 2,3 prosent. Diagram 1 viser utviklinga dei siste åra.

Diagram 1



\*) SSB-talet for 2016 er ein prognose, ut frå tal for dei tre første kvartalane 2016.

Ei samanlikning mellom HFK og nasjonalt gjennomsnitt for fylkeskommunar er gjort i diagram 2. Desse tala er utarbeidd av KS, som nyttar annan metodikk og periodisering av statistikken. KS-tala er generelt høgare enn tala frå SSB og HFK.

Diagram 2





Diagram 2 viser at sjukefråværet i HFK har auka noko dei siste to åra samanlikna med fylkeskommunane generelt, og at HFK for første gong på lenge låg noko høgare enn gjennomsnittet.

Utviklinga pr. kvartal er vist i diagram 3. Mønsteret med høgast fråvær første kvartal held fram, men for 2016 er det ein meir markant reduksjon utover i året enn i 2015.


Diagram 3



### Sjukefråvær fordelt på sektorar og avdelingar i HFK


Diagram 4 viser sjukefråværet fordelt på sektorane i HFK. Fråværet har auka ved tannklinikane og i eigedomsdrift, medan det har gått litt ned i dei andre sektorane. Eigedomsavdelinga tok over ansvaret for reinhaldarane i andre halvår 2016, noko som har virka til auka fråvær i denne avdelinga.

Diagram 4



Den avdelingsvise fordelinga er vist i diagram 5. Nokre av avdelingane er små i tal tilsette, her vil ein skilde sjukefråvær kunne gi store utslag i prosent.


Diagram 5



### Lengda og typen av fråvær


Det eigenmeldte sjukefråværet har auka svakt dei siste åra, medan det legemeldte fråværet viser noko meir variasjon.

Diagram 6



Lengda av fråværet viser eit stabilt mønster. Langtidsfråværet over 16 dagar aukar noko, samstundes som fråværet over 8 veker går litt ned. Det er altså det middels lange og det kortaste fråværet som aukar i 2016, medan fråvær 4-16 dagar og over 8 veker gjekk litt ned.


Diagram 7



### Kjønnsforskjellen i sjukefråværet

Kvinner i fylkeskommunen hadde i 2016 vel 80 prosent høgare sjukefråværet enn menn, noko som er den største skilnaden på fleire år. Gjennomsnittleg for KS-området (kommunar og fylkeskommunar) hadde kvinner 87 prosent høgare fråværet. I SSB-statistikken er det ca. 65 prosent høgare fråværet blant kvinner generelt, i tredje kvartal 2016. Det er ikkje overraskande at denne kjønnsforskjellen er størst i offentlig sektor, med den kjønnsdelte arbeidsmarknaden innan helse og omsorg. Forskjellen kan forklarast dels med ulike typar arbeid for kvinner og menn, og dels med ulike helseplagar mellom kvinner og menn. Også sjukdom knytt til svangerskap og fødsel verkar inn på tala.

Diagram 8






## Sjukefråvær i ulike stillingsgrupper

Diagram 9 viser sjukefråværet fordelt på stillingsgrupper. Nokre av desse gruppene inneheld relativt få tilsette, slik at einssilde sjukefråvær kan gi store prosentvise utslag. Som tidlegare år er fråværet høgast blant reinhaldarar, miljøarbeidarar og tannhelsetilsette.

For tannhelsesekretærar og tannpleiarar er aukinga i 2016 markant. Hovudarbeidsmiljøutvalet har bede fylkestannlegen om å sjå nærare på denne utviklinga, og ei arbeidsgruppe er igangsett.

Reinhaldarane har vore gjennom ei omorganisering i 2016, der dei organisatorisk er flytta frå den einssilde skule til Eigedomsavdelinga. Omorganiseringar kan ofte føre til noko uro, og også auka sjukefråvær i ein periode.

Diagram 9




## Aldersfordeling av sjukefråværet

Aldersfordelinga i diagram 10 viser ikkje uventa at tilsette over 60 år har høgare sjukefråvær enn dei yngre. Tala for tilsette over 69 år gjeld svært få personar og vil dermed variere sterkt prosentvis.

Sjukefråværet auka noko i aldersgruppene 20-29 og 30-39. Nærare analyse viser at det berre er kvinnene i desse gruppene som har auka fråvær, for menn gjekk talet noko ned. Dette er kvinner i fertil alder, så sjukdom knytt til svangerskap og fødsel kan vere ei naturleg forklaring på denne auken. Dei registrerte tala for svangerskapsrelatert fråvær er ganske låge, så her kan det også vere tale om noko underregistrering av denne typen sjukefråvær.

Diagram 10



### Målsetting for sjukefråværsutviklinga – moglege tiltak

Gjeldande mål for fylkeskommunen er at ein ønskjer eit nærvær på minst 95 prosent, dvs. at sjukefråværet ikkje skal overstige 5,0 prosent.

Alle avdelingar i fylkeskommunen har sett eigne mål for sjukefråværsutviklinga. Dei fleste avdelingane har valt det same som det overordna målet om 95,0 prosent nærvær, medan Regionalavdelinga og Eigedomsavdelinga har sett som mål 96,0 prosent nærvær innan 2018. For Tannhelsetenesta er nærværs målet sett til 92,5 for 2015, og til 94 prosent innan 2018.

Sjølv om sjukefråværet gjekk noko ned i 2016, er det framleis eit stykke att til måla er nådd. Det er derfor all grunn til å sjå nærare på korleis ein kan førebygge og redusere fråværet.

Tannhelsetenesta har inngått eit samarbeid med NAV Arbeidslivssenter om eit pilotprosjekt for gravide arbeidstakarar, med tanke på å redusere sjukmeldingar for denne gruppa. I tillegg er det nedsett ei arbeidsgruppe innafor tannhelsetenesta for så sjå nærare på den auken i sjukefråvær som der har vore gjeldande frå andre halvår 2015.

Innafor Opplæringsavdelinga er det nedsett arbeidsgrupper for å sjå nærare på arbeidstilhøva for miljøarbeidar og på merkantile tenester og kompetanseutvikling.

Fylkesrådmannen vil følgje opp fråværsutviklinga med fylkesdirektørane, og etterspørje kva for tiltak som er sett i verk eller vert vurdert.

**Notat**

 Dato: 28.04.2017  
 Arkivsak: 2014/12154-18  
 Saksbehandlar: fromann


<b>Til:</b>	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

**Sjukefråvær HFK 1. kvartal 2017**
**Samandrag**

Sjukefråværet gjekk ned i første kvartal, frå 6,68 prosent i 2016 til 6,10 prosent i 2017, ein reduksjon på 8,7 prosent. Både eigenmeldt og legemeldt fråvær har gått ned, og reduksjonen gjeld både kvinner og menn. Utviklinga varierer mellom avdelingane, der nokon går opp og andre ned. Lågast var fråværet dette kvartalet i Kultur- og idrettsavdelinga, som nesten har halvert fråværet i forhold til året før.

**Statistikkgrunnlaget**

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå statistikkmodulen «HR Analyse» i Personalportalen. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved sjukdom hos barn/barnepassar er ikkje med i denne statistikken. Pga. tekniske problem med statistikkmodulen ligg det ikkje føre statistikk for dei ulike stillingsgruppene dette kvartalet.

**Sjukefråværsutviklinga**
**Figur 1 Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 1.kv. 2014 – 1.kv. 2017**



Fråværet i første kvartal 2017 var på 6,10 prosent, mot 6,68 prosent i første kvartal 2016. Dette utgjer ein reduksjon på ca. 8,7 prosent. Sjukefråværet første kvartal 2016 var det høgaste i HFK på mange år. For

2017 er vi derfor nede på eit noko meir normalt nivå. Første kvartal er vanlegvis det kvartalet med høgast fráværspersent.

### Kjønnsfordeling


Sjuefráværet gjekk ned for både kvinner og menn, jf. figur 2. For kvinner gjekk fráværet ned frå 8,22 prosent til 7,59 prosent, medan det for menn gjekk ned frå 4,70 prosent til 4,11 prosent. Vi har dermed framleis ein sterk kjønnskilnad i sjuefráværet. Denne skilnaden varierer noko frå avdeling til avdeling og mellom yrkesgruppene.

**Figur 2:** Sjuefrávær i heile HFK, fordelt på kjønn, 1. kv. 2017 samanlikna med 1. kv. 2016



### Eigenmeldt vs. legemeldt sjuefrávær

**Figur 3:** Sjuefrávær i heile HFK, eigenmeldt og legemeldt, 1. kv. 2017 samanlikna med 1. kv. 2016.



Figur 3 viser at begge fráværstypar går ned, noko større reduksjon for det legemeldte fráværet.

### Fordeling på avdelingane

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.

**Figur 4:** Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 1. kv. 2017 samanlikna med 1. kv. 2016.

	1. kv. 2016	1. kv. 2017	Differanse	Differanse %
<b>Hordaland fylkeskommune</b>	<b>6,68%</b>	<b>6,10 %</b>	<b>-0,59</b>	<b>-8,8 %</b>
EIGEDOMSAVDELINGA	7,97%	9,90 %	1,93	24,2 %
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA	4,59%	5,72 %	1,13	24,5 %
REGIONALAVDELINGA	6,94%	4,90 %	-2,04	-29,4 %
SAMFERDSELSAVDELINGA	7,53%	5,88 %	-1,64	-21,9 %
BYBANEN UTBYGGING	6,78%	9,34 %	2,56	37,8 %
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	9,08%	4,77 %	-4,31	-47,5 %
TANNHELSEAVDELINGA	9,96%	8,96 %	-1,00	-10,0 %
OPPLÆRINGSAVDELINGA	6,28%	5,52 %	-0,76	-12,1 %

Som den desidert største i tal tilsette vil opplæringsavdelinga ha størst innverknad på det samla fråværet i HFK. Denne avdelinga hadde ca. 12 prosent reduksjon, dvs. noko større reduksjon enn gjennomsnittet for HFK. Regionalavdelinga, Samferdselsavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga og Tannhelseavdelinga hadde også redusert fråvær, medan Eigedomsavdelinga, Økonomi- og organisasjonsavdelinga og Bybanen utbygging hadde auka fråvær. For Eigedomsavdelinga er det viktig å minne om at alle reinhaldarane i HFK vart overført hit frå skulane hausten 2016, noko som er ei viktig årsak til auka sjukefråvær i denne avdelinga.

Det lågaste fråværet dette kvartalet finn ein i Kultur- og idrettsavdelinga, som også hadde den største prosentvise reduksjonen frå tilsvarende kvartal året før.



## Notat

Dato: 28.03.2017  
Arkivsak: 2016/4130-31  
Saksbehandlar: oddber3

---

**Til:** Utval for opplæring og helse  
Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Organisering og leing ved Hjeltnes i perioden 01.08.17 til 31.07.18

#### Bakgrunn

Under handsaming av politisk sak «Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes» gjorde Fylkestinget 07.03.2017 følgande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune stør opp om arbeidet med å etablere produksjonsskule på Hjeltnes. I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. I det vidare arbeidet skal prosjektgruppa supplerast med ein representant frå Hjeltnes/Ulvik. Statleg finansiering bør vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskulen skal gjerast så snart finansiering av tilbodet er på plass. Tidlegaste start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
2. I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.
3. I perioden fram til 08.2018 skal ein oppretthalde mellombels drift på Hjeltnes. Det inkluderer fagskuletilbod for arborist, Vg2 Landbruk og gartnarnæring (vaksenopplæring). Kantine- og internatdrifta skal oppretthaldast dei dagane det er elevar/studentar på skulen. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomen mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
4. Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til

produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.

5. Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.
6. Dersom Stortinget i revidert nasjonalbudsjett alt våren 2017 vil gå inn for å medverke til oppstart av produksjonsskule på Hjeltnes, kan denne framdriftsplanen kunne verte forsert. Hordaland fylkesting vil difor sterkt oppmode regjeringa og Stortinget om å ivareta dette behovet .

I vedtaks punkt 3. går det fram at det skal vere ei mellombels drift på Hjeltnes til ei eventuell etablering av produksjonsskule i perioden frå 01.08.2017 til og med 31.07.2018. Dette inneber:

- Fagskule – arborist
- Vaksenopplæring – Landbruk- og gartnarfaget - Vg2 og Vg3
- Internat- og kantine drift
- Kontoradministrasjon
- Gardsdrift
- Reinhald
- Eigedomsdrift
- Sjølvfinansierande oppdragsverksemd

Alle pedagogisk tilsette ved dagens Hjeltnes vgs er overført til skulane på Voss. Fagskuletilbodet for arborist vert administrert av Fagskolen i Hordaland. Vaksenopplæringstilbodet vert administrert ved VO-senteret på Voss gymnas, medan lærarane er tilsett ved skulane på Voss. Driftsleiar og reinhaldspersonell er tilsett ved Eigedomsseksjonen. Den resterenda aktiviteten vil utgjere om lag 5-6 årsverk, der i overkant av 3 årsverk er finansiert av oppdragsverksemd. Vedtaket frå 07.03.2017 tek ikkje stilling til den organisatoriske plasseringa i mellomperioden for denne gruppa tilsette.

### **Organisatorisk plassering og leiing**

I saksframlegget til saka som vart politisk handsama i fylkestinget, peikar fylkesrådmannen på at det vil vere naturleg å plassere aktiviteten på Hjeltnes under Voss vgs i perioden fram til august 2018. Etter nærare vurdering ser fylkesrådmannen på dette som den beste løysinga. Voss vgs har svært gode føresetnader til å handtere den type aktivitet som vil vere på Hjeltnes i mellomperioden.

Dette inneber at Hjeltnes frå 31.07.2017 vil vere ei avdeling under Voss vgs. Dei tilsette innan internat- og kantinedrift, kontoradministrasjon, gardsdrift og oppdragsverksemd vil frå same tid vere tilsett på skulen.

Personalansvaret for avdeling Hjeltnes vil verte lagt til ass. rektor ved Voss vgs. Det er starta opp dialog mellom leiinga på Voss vgs og Hjeltnes om korleis dette praktisk skal organiserast.

**Notat**Dato: 19.04.2017  
Arkivsak: 2014/12636-9  
Saksbehandlar: karoen\_

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Tiltak mot ufrivillig deltid****Innleiing**

Det vert i denne meldingssaka gitt ei orientering om status i arbeidet med heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune. I den samanheng ser vi nærare på tiltak som er sett i verk og aktuelle tiltak framover.

Etter at administrasjonsutvalet i møte 05.09.16 fekk presentert resultatet av kartlegginga av ufrivillig deltid i HFK vart det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå arbeidsgivar og arbeidstakersida. Mandatet for arbeidsgruppa var å evaluere tiltak som er sett i gang og utarbeide lokale retningslinjer for arbeidet med heiltidskultur i HFK. Det er óg gjort nærmare analyser av ufrivillig deltid med utgangspunkt i nyare talmateriale.

**Heiltidskultur**

HFK har ei målsetting om å utvikle ein heiltidskultur. Dette inneber at HFK først og fremst skal få ned talet på ufrivillig deltid og på sikt få bort ufrivillig deltid. For å klare dette må HFK sette seg delmål, jobbe langsiktig og få til ein kontinuerleg prosess på området.

Det er ikkje noko mål for HFK at alle som i dag jobbar deltid skal få heil stilling. Nyare forskning nasjonalt (Arbeidsforskningsinstituttet) viser at åtte av ti som jobbar deltid har vald dette sjølv og at den viktigaste årsaka til deira val er eiga helse og tid til familien. Det HFK først og fremst må ha fokus på framover er å legge til rette for at dei som går i ufrivillig deltid skal få auka opp stillingsprosenten sin.

**Statistikk**

Før vi går inn på tiltak ser vi litt på relevant statistikk over deltid/ufrivillig deltid i HFK.

**Faktisk utvikling i deltid perioden 2012-2016**

	2012	2013	2014*	2015*	2016*
<b>Totalt</b>	<b>1884</b>	<b>1698</b>	<b>1410</b>	<b>1342</b>	<b>1136 #</b>
<b>Kvinner</b>	1333	1180	985	948	813
<b>Menn</b>	551	518	425	394	323

\*) Kun fast tilsette

#) Av dei som arbeidde i fast deltidsstilling per 31.12.16 har ca 600 personer arbeidde i deltid i fem år eller mer i HFK.



**Fordeling av stillingsprosent pr. nov. 2016:**

Stillingsprosent	Tal tilsette	Årsverk
90-100	111	102,3
80-90	292	239,2
70-80	134	97,4
60-70	178	110
50-60	194	106
>50	263	80
<b>TOTAL</b>	<b>1172#</b>	<b>735</b>

# Talet avvik noko frå talet i første tabell. Ei forklaring er ulikt tidspunkt for uttak av data (2 mnd avvik)

**«Betinga» ufrivillig deltid**

Det er mykje som tyder på at vi har ein del «betinga» ufrivillig deltid i HFK. Det kan vere deltidstilsette i tannhelsetenesta som ventar på ledig heiltidsstilling ved ønska klinikk, det kan vere ulik forståing av begrepet «ufrivillig deltid» f.eks. knytt til eiga helse (delvis uføretrygd), det kan vere liten reell vilje til å fylle opp deltidstilling med anna arbeid/arbeid ved andre einingar. Vidare har vi tradisjonelt ein del «smale» fag/fagkombinasjoner (i vidaregåande skole) som vanskeleggjer heiltidsstilling. Og jo mindre skolane er jo vanskelegare er det å fylle opp til heil stilling.

**Ufrivillig deltid - stipulert**

Dei to tabellane viser deltid totalt i HFK. Det som er like interessant er tal over ufrivillig deltid. Av de 461 som svarta på undersøkinga i 2016 har 37 % svarta at dei ønsker seg ein større stillingsprosent. Dette utgjør ca 170 tilsette. Hvis undersøkinga er representativ og justert for «betinga» ufrivillig deltid kan vi med forsiktighet stipulere at om lag 300 tilsette går i ufrivillig deltid i HFK. Vi veit ikkje kven desse er, men vi veit at 28 % av dei har arbeidd deltid 6 år eller meir og at hovuddelen arbeider i skolen (lærarar, miljøarbeidararar og reinhaldarar).

**Evaluering av tiltak**

Arbeidsgruppa har evaluert tiltak som tidlegare er sett i gong og då særskild prøveordninga med intern utlysing av stillingar innan områda kontorpersonell, reinhaldarar, miljøarbeidarar og lærarar. Ordninga med intern utlysing av dei definerte stillingsgruppene vart sett i verk i 2016 som ei prøveordning etter same modell som i tannhelsetenesta i HFK.

Prøveordninga for dei nemnde gruppene har berre delvis fungert. Dette skuldast fleire faktorar. For det første må det etablerast eit betre system for kor ein kan finna informasjon om utlyste stillingar (at du i dag må via Personalportalen er for tunggrodd). For det andre har det ikkje vore nok fokus på ei konsekvent gjennomføring av tiltaket. For det tredje har siste års arbeid med overtalige i skolen gjort det vanskeleg å få til ei ordning med intern utlysing av undervisningsstillingar.

**Kva tiltak er gjennomført/sett i verk**

(1) Det er gjennomført ei spørreundersøking blant alle deltidstilsette i 2016 (skjema gjekk ut til 1007 tilsette og svarprosenten var 46 %, 37 % av desse ønsker større stillingsprosent). Hvis resultatet er representativt tilsier dette at omlag 300 deltidstilsette i **fast** stilling arbeider ufrivillig deltid.

Størst del ufrivillig deltid finn vi blant:

Lærarar (ca 150 tilsette)

Miljøarbeidarar (ca 55 tilsette)

Reinhaldarar (ca 35 tilsette)

Ein tek sikte på ny kartlegging av ufrivillig deltid våren 2018.

(2) Det er gjort ei analyse av utbetaling av overtid/variable timar blant tilsette jfr aml § 14-4a (rett til stilling tilsvarande faktisk arbeidstid).

- Vi er berre kjent med eit tilfelle der det er sett fram krav lokalt/sentralt om auka stillingsprosent begrunna i denne regelen.
- Det er eit relativt lite omfang av utbetalt overtid/variable timar blant deltidstilsette i fast stilling. Dei tilfella med overtid/variable timar av noko omfang vert begrunna med spesielle tilhøve som ikkje er av varig karakter.

(3) Det er gjort ein gjennomgang av alle deltidstilsette i fylkesadministrasjonen – her er ikkje registrert tilsette i ufrivillig deltid. Dei som går deltid har anten gradert AFP, er delvis ufør, har omsorgsfunksjon, har deler av stillinga frikjøpt til tillitsvaldarbeid eller har sjølv valt deltid.

(4) Det er lagt inn spørsmål om stillingsprosent som fast punkt i revidert skjema for medarbeidersamtalen. Hensikten er å gi næraste leiar informasjon om den tilsette går i ufrivillig deltid.

(5) Det er utarbeidd lokale retningslinjer for heiltidskultur. Desse retningslinjene ser på sider ved regelverket som kan medverke til at HFK kjem nærare målsettinga om ein heiltidskultur. Retningslinjene tek føre seg føreretten for deltidstilsette, meirarbeid og utlysing av stillingar. Målsettinga med retningslinjene er å få større fokus på faktorar som kan bidra til å redusere deltid generelt og ufrivillig deltid spesielt. Retningslinjene følgjer i eiga saka.

#### **Aktuelle tiltak framover**

(1) Styrke arbeidet med intern utlysing av stillingar ved å etablere ein eigen «stillingsbørs».

(2) Fokus på auka bruk av heiltidsstillingar i reinhaldstenesta, i tillegg til å legge til rette for høve til å ta fagbrev.

(3) Auka fokus på temaet gjennom ulike aktivitetar og informasjonstiltak t.d.

- Tema på leiarsamlingar, rektorsamlingar
- Artiklar i Leiarnytt
- Artiklar på intranett

(4) Undersøke konkret kven som jobbar ufrivillig deltid blant fast tilsette som har arbeidd i deltidsstilling i fem år eller meir (ca 600 personar).

(5) Fleksibilitet i arbeidsstad og oppgåver. Ha fortsatt fokus på kombistillingar og det å jobbe på tvers i eininga/organisasjonen.



Arkivnr: 2014/23249-12

Saksbehandlar: Johan J Meyer

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hovudarbeidsmiljøutvalet	21/17	12.05.2017
Administrasjonsutvalet	11/17	18.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

## Revisjon av dei etiske retningslinene

### Samandrag

Fylkesrådmannen viser til vedtaket i sak PS 76/2016 (4. oktober 2016) der «Fylkestinget ber om at gjeldande retningsliner for folkevalde og tilsette vert gjennomgått av ei arbeidsgruppe oppnemnt av administrasjonsutvalet. Administrasjonsutvalet valde å behandle saka i plenum i møte 15. februar i år med spesielt fokus på dei tilsette sin ytringsfridom. Innspela frå dette møtet er lagt inn i utkastet som no ligg til behandling.

### Forslag til innstilling

Utkast til reviderte «Etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune (dato 8.mai 2017)» vert gjort gjeldande som etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune (til FT juni 2017)

## Fylkesrådmannen, 08.05.2017

I utkastet som ligg til behandling er alle dei føreslåtte endringane gjeve med understreking. I tillegg er det gjort nokre språklege justeringar og forbetringar. Her vil vi kort grunngje dei einskilde endringsforslaga.

### Pkt 2.2.: Openheit og ærlegdom

Særs mykje førebuande saksbehandling skjer gjennom utveksling av e-postar. Av omsyn til prinsippet om meiroffentlegheit vil fylkesrådmannen foreslå at dei etiske retningslinene understrekar at all relevant dokumentasjon i saker som er til behandling skal vere formelt registrert.

### Pkt 2.4: Innkjøp og forretningsdrift

I den offentlege debatten kring korrupsjonssaker er temaet «påvirkningshandel» no brakt fram som ei alvorleg utfordring. Problemstillinga vert adressert i den nye formuleringa under dette punktet: «for å hindre ... utilbørleg påverknad av avgjerdstakarar»

### Pkt 2.5: Habilitet og interessekonflikatar

Det er viktig å nytte omgrep som ein er fortruleg med i daglegtale, difor har dei tillitsvalde mellom anna bedt om at overskrifta vert endra frå «Gildskap» til «habilitet».

Dette punktet er også endra for å gje betre samsvar mellom statens sine etiske retningslinjer og dei som skal gjelde for fylkeskommunen med omsyn til handsaming av det å ha «bierverv» utover løn frå hovudarbeidesgjevar Hordaland fylkeskommune.

Et særskilt spørsmål vil vere om opplistinga også skal spesifisere omgrepet «styreverv». I utkastet står det opent. Med formuleringa «styreverv...av noko omfang» vil det likevel gå fram at formuleringa meir tar sikte på å omfatte styrevervet i eit aksjeselskap enn til dømes styrevervet i ei lokalavdeling av eit politisk parti.

### Pkt 3.2: Teieplikt

Under dette punktet vert det presisert at tidlegare tilsette i fylkeskommunen ikkje kan eller skal ha tilgang til opplysningar som er underlagt teieplikt.

Det vert vidare innskjerpa at tilsette ikkje utan sakleg grunn skal kunne undersøke i det fylkeskommunale arkivet etter opplysningar som underlagt teieplikt.

### Pkt 3.3. Ytring og lojalitet

Overskrifta er endra for å løfte fram omgrepet «ytring» i tillegg til lojalitet.

I første delen av forslaget vert ytringsfridomen for tilsette omtala. Omgrepa «i dialog» og «kompetent» vert nytta for å utdjupe og kople desse verdiane opp mot dei positive sidane ved ei open ytringskultur i samfunnet.

I siste delen vert det presisert at lojalitetsplikten vil vere strengare for tilsette i sentrale stillingar, og friare for den som er tillitsvald og som handlar på vegner av sine medlemar.

### Pkt 4.1. Sosiale media

Ei tilvising frå pkt 4.2. til pkt 3.2 og 3.3. var ikkje nødvendig og er fjerna.

### Pkt 6 Ansvar

Det vert understreka og stadfesta ein aktivitetsplikt for leiaren til aktivt å syte for at dei tilsette er kjende med innhaldet i dei etiske retningslinene.

I det gjeldande retningslinene er det ikkje sagt noko om konsekvensar ved brot på dei etiske retningslinene. Dette vert no endra ved å ta inn den avsluttande setninga.

# Etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune

Etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune skal bidra til god etisk praksis. Retningslinjene gjeld for folkevalde, fylkeskommunale representantar i styre, råd og utval (saman «folkevalde») og tilsette.

## 1. VÅRE VERDIAR

Grunnverdiene til fylkeskommunen er «kompetent», «offensiv» og «i dialog». Dei etiske dimensjonane av grunnverdiene vert reflektert gjennom desse retningslinjene. I samsvar med verdiene skal ein tenkje og opptre etisk, òg i høve som ikkje er direkte dekt av retningslinjene.

## 2. INTEGRITET OG MOGLEGE INTERESSEKONFLIKTAR

### 2.1 Tillit og rettferd

Fylkeskommunen forvaltar verdiene til fellesskapet med vekt på menneskeverd og likeverd, utøver offentleg mynde og yter tenester som er viktige for samfunnet, for enkeltindivid og for verksemdar.

Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal vere bevisste på samfunnsansvaret som følgjer med desse oppgåvene, og utøve dei på ein rettferdig og tillitvekkjande måte.

### 2.2 Openheit og ærlegdom

Fylkeskommunen praktiserer openheit, slik at ålmenta kan gjere seg kjent med verksemda i fylkeskommunen og få innsyn i korleis fylkeskommunen utfører oppgåvene sine. For å sikre meiroffentlegheit er det viktig å syte for korrekt journalføring og arkivering av relevant dokumentasjon.

Informasjon som vert gjeven til ålmenta, skal vere korrekt og objektiv.

### 2.3 Fagleg sjølvstende, objektivitet og integritet

Tilsette skal sikre at arbeidet er tufta på fagleg sjølvstende, objektivitet og integritet i verksemda. Dette vert gjort i samarbeid med kollegaer og leiarar og ved å leggje til grunn fagleg kunnskap og skjønn gjennom heile tenesteutøvinga.

### 2.4 Innkjøp og forretningsdrift

Forretningsdrifta i fylkeskommunen skal vere basert på god forretningskikk, sikre at ein følgjer gjeldande lover og reglar, og bidra til at fylkeskommunen når sine mål og oppfyller samfunnsoppdraget.

Alle innkjøp i fylkeskommunen skal gjennomførast i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar og fylkeskommunen sine retningslinjer for innkjøp. Ved å fremje kunnskap og gode haldningar skal fylkeskommunen arbeide aktivt for å hindre korrupsjon, utruskap og utilbørleg påverknad av avgjerdstakarar.

Rammeavtalar med leverandørar skal ikkje nyttast av folkevalde og tilsette til privat bruk med mindre det er rabattordningar som er ålment tilgjengelege for alle i fylkeskommunen på like vilkår. Dette gjeld òg folkevalde og tilsette sine næraste.

## 2.5 Habilitet og interessekonflikter

Folkevalde og tilsette i fylkeskommunen skal ikkje opptre på ein måte som er eigna til å svekke tilliten til at dei er upartiske. Ved tvil om habilitet skal spørsmålet takast opp, slik at næraste leiar eller det kollegiale organet ein er medlem av, tek stilling til spørsmålet.

Tilsette i fylkeskommunen har rett til å ta ekstraarbeid for ein annan arbeidsgjevar eller drive privat erversverksemd i fritida. Denne retten er likevel ikkje utan grenser:

I følgje lojalitetsplikta finst tilfelle der den tilsette uoppfordra må gje opplysingar om bierverv. Dette gjeld også når det kan vere tvil om biervervet kan vere i strid med arbeidsgjevar sine legitime interesser. Arbeidsgjevar kan i konkrete tilfelle krevje slike opplysingar dersom det er tvil om den tilsette har høve til å ha slike bierverv.

Det er ikkje høve til å gje tilsette og tilsette sine næraste særskilt behandling og/eller fordelar. Dei skal behandlast på lik line med innbyggjarane elles.

## 2.6 Gåver og andre fordelar

Folkevalde og tilsette skal ikkje, korkje for seg sjølv eller andre, ta imot eller leggje til rette for å ta imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som kan vere eigna til, eller der givaren har hatt til føremål, å kunne påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Folkevalde og tilsette må ikkje nytte stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre urettkomne fordelar. Dette gjeld òg i tilfelle der desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Representasjon og liknande skal haldast innanfor vanlege og aksepterte normer for sosialt samvere. Om til dømes leverandørar tilbyr folkevalde/tilsette å vere med på reiser og liknande, er det ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen dekkjer utgifter til reise og opphald, sjå også punkt 3.5 om åtferd på reiser, arrangement o.a.

Dersom folkevalde og tilsette kjem opp i problemstillingar knytt til å ta mot gåver m.m., skal spørsmålet leggst fram for næraste overordna eller det kollegiale organet ein er medlem av.

# 3. PERSONLEG ÅTFERD

## 3.1 Generelt

Folkevalde og tilsette skal opptre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar fylkeskommunen sitt omdøme.

## 3.2 Teieplikt

Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal overhalde lovpålagt teieplikt. Fortrulege opplysningar skal ikkje nyttast til eiga vinning eller skade for andre. Teieplikta gjeld òg etter at ein har avslutta tilsetjingstilhøvet eller vervet i fylkeskommunen, og fullt ut og i høve tidlegare tilsette i fylkeskommunen.

Det er ikkje tillate å søkje opplysningar som er unnateke offentlegheit i fylkeskommunale arkiv dersom dette ikkje er grunngjeve i arbeidsoppgåver ein gjer for fylkeskommunen.

Naudsynt kommunikasjon av sensitive opplysningar må ikkje skje på ein slik måte at uvedkomande kan få innsyn.

### 3.3 Ytring og lojalitet

Arbeidsoppgåver skal utførast etter dei reglar og instruksar som gjeld for fylkeskommunen.

I tråd med grunnverdien «i dialog» har fylkeskommunen som mål at organisasjonskulturen i verksemda skal vere basert på tillit, openheit og takhøgde.

Fylkeskommunen ser det som viktig at tilsette med sin sakkunnskap har høve til å formidle eit kritisk og kompetent perspektiv i samfunnsdebatten.

I tilfelle der ein uttalar seg i media, til tredjepersonar og liknande, utan at dette er omfatta av den einskilde sine arbeidsoppgåver, skal ein gjere det klårt at ein uttalar seg på eigne vegner. Ein skal ikkje gje opplysningar som er underlagde teieplikt eller gje opplysningar som vil vere i strid med lojalitetsplikta som normalt gjeld i tilsetjingstilhøve.

Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for at den tilsette har ytringsfridom, også innan sitt eige felt. Likevel er det slik at for tilsette i sentrale stillingar vil lojalitetsplikta vere strengare enn for andre tilsette.

Dei tillitsvalde står i ei særleg stilling i høve ytringsfridomen og skal tale medlemmane si sak. Det skal difor langt meir til før ein uttale frå ein tillitsvald vert vurdert som brot på lojalitetsplikta.

### 3.4 Fylkeskommunens midlar, verdiar og eigedelar

Fylkeskommunens midlar, verdiar og eigedelar skal nyttast effektivt og til arbeidsrelaterte føremål. Det kan gjevast løyve til annan bruk dersom dette er i samsvar med gjeldande reglement.

Fylkeskommunens logo, brevhovud eller porto skal aldri nyttast i privat korrespondanse.

### 3.5 Reiser, arrangement o.a.

Folkevalde og tilsette skal overhalde desse retningslinene når dei er på tenestereiser, kurs og andre arrangement. Sjå også punkt 2.6 om betaling for reise og opphald.

## 4. DIGITALE PLATTFORMER OG SOSIALE MEDIUM

### 4.1 Generelt

Fylkeskommunens digitale plattformer, til dømes e-postkontoar, lagringssystem o.a., skal nyttast til arbeidsrelaterte føremål. Bruk elles til andre føremål er berre tillate dersom det er i samsvar med gjeldande reglement.

### 4.2 Sosiale medium

Fylkeskommunens kontoar på sosiale medium skal nyttast til å fremje fylkeskommunens offisielle syn, og skal ikkje nyttast til å fremje personlege oppfatningar.

Folkevalde og tilsette skal vere medvitne si rolle i fylkeskommunen ved privat deltaking i sosiale medium.

## 5. VARSLING

I fylkeskommunen skal ein arbeide aktivt for å hindre kritikkverdige forhold og bidra til å rette opp i desse. Dette inneber mellom anna at tilløp til konflikt skal løysast så snart råd er og på lågast mogleg nivå. Viss det er aktuelt å varsle om kritikkverdige forhold i organisasjonen, skal retningslinene om varsling i fylkeskommunen følgjast.

## 6. ANSVAR

Folkevalde og tilsette har ansvar for å halde seg oppdatert om innhaldet i fylkeskommunens etiske retningsliner og har ansvar for å byggje ein kultur som stettar retningslinene.

Alle leiarar i fylkeskommunen skal syte for at medarbeidarane er kjende med dei etiske retningslinene.

Brot på dei etiske retningslinene kan få arbeidsrettslege konsekvensar for den tilsette i fylkeskommunen.





Arkivnr: 2014/19488-8  
Saksbehandlar: Johan J Meyer

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hovudarbeidsmiljøutvalet	20/17	12.05.2017
Administrasjonsutvalet	12/17	18.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

## Revisjon av rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Rutinane for varsling har vore vurdert på nytt med bakgrunn i erfaringar frå dei siste åra. Både administrasjonen og varslingsutvalet har gjeve innspel her. Det viser seg at det er særskilt trong for reglar om oppfølging av varslaren i varslings saker. Dette er tatt inn gjennom eit nytt delpunkt «e» under sakshandsaming av varslings saker

Det har følgjande ordlyd:

*Dersom leiar går vidare med saka, bør den som har varsla få tilbod om oppfølging. Det kan i denne samanheng vurderast om det er behov for å hente inn ekstern bistand (av kompetansemessige, kapasitetsmessige, habilitetsmessige eller andre omsyn) og/eller mellombels skifte av arbeidsmiljø, medan saka går føre. Leiar kan be fylkesdirektør økonomi og organisasjon, eller den fylkesdirektøren peikar på, vurdere å ta over oppfølginga av varslaren, utanfor linja, dersom varslaren sjølv ønskjer det eller dersom situasjonen elles tilseier at det vil vere tenleg.*

Ei delsetning i avsnittet om varslingsutvalet er fjerna. Det sto at varslingsutvalet har «hovudansvaret for at varslingsrutinane er kjent og vert følgd i fylkeskommunen». Dette ansvaret ligg til fylkesrådmannen ved fylkesdirektøren for økonomi og organisasjon og er stadfesta i det siste avsnittet om administrasjon, rapportering og evaluering.

I tillegg er det gjort nokre få språklege presiseringar, og samansettinga av varslingsutvalet er oppdatert pr april 2017.

### Forslag til innstilling

Utkast til revidert rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

.Vedlegg: Rutine for varsling (revidert april 2017)

# Rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune

## Innleiing

### Føremål

I Hordaland fylkeskommune er det ønskeleg at tilsette seier frå dersom dei får kjennskap til kritikkverdige tilhøve i fylkeskommunen. Desse rutinane skal legge til rette for varsling, og gjev køyrereglar for intern handtering av varslingssituasjonar. Rutinane skal sikre ein låg terskel for å varsle, som er ein føresetnad for ein open organisasjonskultur. Dei skal og bidra til å førebyggje og handtere konflikt.

Arbeidsmiljølova sine reglar gjev arbeidstakar rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve i eiga verksemd, og gjev arbeidstakarar som varslar vern mot gjengjelding i form av negative reaksjonar som følgje av varslinga, jf. arbeidsmiljøloven §§ 2-4 og 2-5. I enkelte tilfelle føreligg det òg ei varslingsplikt, i medhald av arbeidsmiljøloven § 2-3, lojalitetsplikta til arbeidstakar og i einskilde særlover (til dømes innan helse- og opplæringssektorane).

Varslingsrutinane kjem som eit tillegg til annan tenestemessig kommunikasjon og avviksrapportering. Rutinane er rettleiande og fylkeskommunen vil tilpasse handtering til kvar konkrete situasjon og sak.

Varslingsrutinar i Hordaland fylkeskommune er revidert med grunnlag i erfaringar frå ålmen rettspraksis og frå egne erfaringar.

### Definisjonar

Det vert rekna som varsling når ein arbeidstakar seier frå om kritikkverdige tilhøve i verksemda, òg kalla "whistleblowing". Med kritikkverdige tilhøve meiner ein noko som er i strid med lover og reglar, fylkeskommunen sine retningslinjer eller kva som allment vert oppfatta som forsvarleg og etisk akseptabelt. Døme på kritikkverdige tilhøve er:

- Tilhøve som fører med seg fare for liv og helse
- Mobbing, diskriminering og trakassering
- Korrupsjon
- Underslag, tjuveri eller økonomisk svik
- Brot på teieplikta, personvern eller tryggingrutinar
- Maktmisbruk

Kva som elles vert rekna som eit kritikkverdig tilhøve, skal tolkast i lys av kva det er knytt samfunnsinteresse til, altså at det må gjelde noko fylkeskommunen skal, og venteleg kan gjera noko med. Varselet bør vere tilstrekkeleg konkret til at fylkeskommunen kan forstå at det er tale om eit varsel og kva ein varslar om.

Vanleg tenestemessig kommunikasjon er ikkje å rekne som varsling. I fylkeskommunen skal ein søkje å løyse saker på lågast mogleg nivå. Viss ei sak blir handsama på rett nivå, skal ein normalt vente på konklusjonen frå denne handsaminga.

Tilhøve som berre gjeld den tilsette si eiga tilsetjing, t.d. eiga løn, individuell personalmessig oppfølging eller eigen kommunikasjon med leiar, gjev heller ikkje grunnlag for varsling. Viss det er snakk om meir generelle problem som òg gjeld andre, vil ytringa likevel kunne vere varsling.

Politiske eller moralske ytringar er som regel heller ikkje varsling.

## Varslingsvegar i fylkeskommunen

### Generelt

Varsling skal som hovudregel skje internt i verksemda (til dømes til eigen leiar eller Varslingsutvalet), eventuelt til aktuelle tilsynsstyresmakter.

### Rutinar for intern varsling

- a) Arbeidstakar skal som hovudregel ta opp eit kritikkverdig tilhøve med næraste leiar på tenestestaden.
- b) Fører ikkje dette fram kan ein kontakte verneombod eller tillitsvald.
- c) Dersom dette ikkje fører fram eller saka ikkje vert følgd opp, eller saka gjeld næraste leiar, kan ein varsle overordna leiar.
- d) Dersom varsling etter desse punkt ikkje blir følgd opp kan ein sende saka til Varslingsutvalet.
- e) Utan omsyn til hovudreglane over: Dersom varslaren opplever det som vanskeleg å varsle linjeveg kan saka sendast direkte til Varslingsutvalet.

### Nærmare om korleis ein varslar

Varsling kan gjerast på den måten varslaren sjølv ynskjer, anten munnleg eller skriftleg, ved brev eller e-post. Hugs at e-post kan kome bort og at sensitiv personinformasjon ikkje er like trygt der. Ved munnleg varsling kan arbeidstakar ha med seg tillitsvald eller annan tillitsperson, eller verneombod.

Fylkeskommunen har utarbeidd skjema for internvarsling som er tilgjengeleg på intranettet under kvalitetssystemet. Det er ikkje krav om å bruke dette skjemaet, men det kan nyttast dersom det er til hjelp.

Varsling kan gjerast anonymt, men normalt vil det sikre betre saksgang og resultat for alle involverte dersom varslaren er kjend for den som vert varsla. Sjå i avsnittet nedanfor om anonym varsling.

Varslinga bør innehalde:

- a) Fullt namn og tenestestad for den som varslar, om varslaren ikkje vel å vere anonym
- b) Dato for rapportering
- c) Konkret kva ein har observert, dato og klokkeslett, og stad.
- d) Eventuell kjennskap til tidlegare saker.
- e) Eventuelle namn på andre du meiner kan bidra, eller annan informasjon til hjelp ved undersøkingar.

Varselet skal gjere dei overordna og fylkeskommunen i stand til å forstå at det er tale om eit varsel, og gje grunnlag for å undersøke saka. Det er difor viktig at ein er så spesifikk og presis som mogleg når ein varslar. Arbeidstakar må vere i god tru om dei tilhøva han varslar om.

Dersom du som varslar treng rådgiving i saka kan du kontakte fylkeskommunen si bedriftshelseteneste, tillitsvalde eller verneombod.

### Ekstern varsling

a) Tilsette har alltid rett til å varsle eksternt til tilsyns- og kontrollmyndigheiter som Arbeidstilsynet, Datatilsynet, Politiet, Helsetilsynet og liknande instansar, jfr. arbeidsmiljølova § 2-4(2), andre punktum.

b) Varsling til offentlegheita føreset at det er varsla forsvarleg, jfr. arbeidsmiljølova § 2-4(1). Ved vurderinga av om vilkåret i lova er oppfylt, bør arbeidstakar først ha forsøkt å varsle internt, eventuelt til offentlege myndigheiter. Arbeidstakar må vere i god tru om dei tilhøva han varslar om.

- c) Dersom arbeidstakar ynskjer å varsle ålmenta gjennom media må fleire vilkår vere oppfylt for at arbeidstakar skal ha vern mot gjengjelding etter arbeidsmiljølova:
- i. Ein må ha varsla anten internt eller til tilsynsmyndigheiter først, då ein skal ha gjeve arbeidsgjevar moglegheit til å ordne opp i tilhøva.
  - ii. Føremålet med offentleggjinga skal vere å rette opp i tilhøva, ikkje offentleggjinga i seg sjølv. Ein bør ta omsyn til alle involverte når ein varslar ålmenta.
  - iii. Fråsegnene må vere haldbare med tanke på det faktiske grunnlaget, og arbeidstakar må vere i god tru om opplysningane. Arbeidstakar må ha gjort ein forsvarleg og samvitsfull jobb for å kome fram til riktige fakta. Dette vil vere tilstrekkelig sjølv om informasjonen ikkje er heilt korrekt, så lenge ein har vist naudsynt aktsemd.

## Handtering av varsel og sakshandsaming

### Mottak av varsel

Når ein leiar eller tilsett i fylkeskommunen blir kontakta av ein person som ynskjer å varsle munnleg skal vedkommande teikne ned fullstendige opplysningar i tråd med 5-punktlista under avsnittet «nærare om korleis ein varslar», i tillegg til sitt eige namn og varslings situasjonen.

Dersom det er tale om eit skriftleg varsel må mottakaren i naudsynt grad supplere med dei opplysningane som manglar. Samtidig bør leiaren vurdere og klargjere om det er tale om ei varslings sak eller om saka skal handterast med allmenn tenestleg oppfølging. Den tilsette skal, om det er tenleg, spørjast om dette. Den som har varsla attesterer på at dokumentasjonen gir uttrykk for det som er varsla på ein riktig måte, med mindre det gjeld anonym varsling.

Eit mottatt varsel skal sakshandsamast i tråd med reglane i forvaltningslova og retningslinene her.

### Sakshandsaming av varslarsaker

I den vidare saksgang skal dette gjelde som rettleiande rutinar:

(Rutinane som omhandlar leiar gjeld så langt desse passar også Varslingsutvalet si handsaming av saka).

- a) Den som tek i mot varselet vurderer om det er grunnlag for å undersøkje dei påståtte kritikkverdige tilhøva. Det skal i eit slikt tilfelle opprettast ei eiga sak i fylkeskommunen sitt arkivsystem, og saka skal handterast i tråd med arkivlova. Namnet på saka skal ikkje røpe personopplysningar, og dokumenta skal vere unntatt offentleggjing der det er grunnlag for det. Både elektronisk og fysisk arkiv skal ha tilgangsbegrensingar. Dersom saka vert lagt vekk utan ytterlegare undersøkingar, må avgjerda om dette kunne dokumenterast i ettertid.
- b) Varslaren skal snarast råd få melding om at varselet er motteke. Snarast mogleg deretter skal det opplysast om saksgangen og når det kan ventast å liggje føre eit resultat. Varslaren må få ny melding dersom sakshandsaminga trekkjer ut i tid, og særleg om det tek meir enn tre månadar å handsame saka.
- c) Ved mottak av varsel bør leiar fyrst undersøkje om påstandane i varselet kan vere riktige. Ved behov for ekstern bistand skal ein følge fylkeskommunens retningsliner for dette. Om påstandane er uriktige bør leiar vurdere å unnlate å seie ifrå til dei varselet gjeld, av omsyn til arbeidsmiljøet. Sakshandsaminga og avgjerda må kunne dokumenterast i ettertid. Dersom det er aktuelt å opplyse om varslaren sitt namn, må samtykke innhentast frå varslaren. Namnet skal dessutan berre gjerast kjent for dei det er naudsynt å involvere.
- d) Dersom leiaren går vidare med saka skal den det er varsla om, som hovudregel snarast mogleg verte underretta om at det er motteke varsel, kva opplysningar som er gitt, og korleis den vidare

saksgangen vert. Unntak kan gjerast i særlege tilfelle av omsyn til vidare etterrøkingar. Den tilsette bør om mogleg få førehandsvarsel, tilbod om bistand frå tillitsvalt og anna nødvendig oppfølging.

- e) Dersom leiar går vidare med saka, bør den som har varsla få tilbod om oppfølging. Det kan i denne samanheng vurderast om det er behov for å hente inn ekstern bistand (av kompetansemessige, kapasitetsmessige, habilitetsmessige eller andre omsyn) og/eller mellombels skifte av arbeidsmiljø, medan saka går føre. Leiar kan be fylkesdirektør økonomi og organisasjon, eller den fylkesdirektøren peikar på, vurdere å ta over oppfølginga av varslaren, utanfor linja, dersom varslaren sjølv ønskjer det eller dersom situasjonen elles tilseier at det vil vere tenleg.
- f) Leiaren kan be om bistand frå fylkesdirektør økonomi og organisasjon i fylkesadministrasjonen, og eventuelt be om at saka vert handtert der. Fylkesdirektør økonomi og organisasjon kan òg hente inn naudsynt ekstern bistand. Om det er tenleg kan Varslingsutvalet overta saka.
- g) Leiaren skal avgjere korleis varselet skal følgjast opp og avgjerda må kunne dokumenterast i ettertid. Oppfølging og avslutning av saka skal prioriterast. Leiaren tek sjølv avgjerd om å avslutte saka. Leiaren skal alltid informere varslingsutvalet om saka.
- h) Dersom ein ser at saka vil krevje at det vert treft enkeltvedtak, eksempel til dømes fordi det har skjedd tenesteforsømming, skal det registrerast som eiga sak for å sikre at sakshandsamingsreglane for slike saker vert følgde.
- i) Varslaren skal orienterast skriftlig om utfallet av varslinga, òg der saka er lagt vekk utan vidare etterrøkingar. Det må òg orienterast om kven som kjenner identiteten til varslaren, og på kva nivå saka vart handsama. Utover dette, har ikkje varslaren krav på nærare innsyn i sakshandsaminga eller kva vurderingar som vert gjort i saka.
- j) Leiaren sender informasjon til varslingsutvalet og til fylkesdirektør økonomi og organisasjon om saka og utfallet av denne. Saka vert deretter avslutta i arkivsystemet.

## Særleg om anonym varsling

Ein varslar kan vere anonym, det vil seie at varslaren sin identitet ikkje blir gjort kjend for nokon, heller ikkje for den som tek i mot varselet. Eit anonymt varsel, der fylkeskommunen ikkje kan gå attende og spørje varslaren om kva som var meint, bør vere fullstendig og nøyaktig for å gi best mogleg grunnlag for undersøkingar. Anonym varsling skjer normalt skriftleg. Dersom ein tilsett tek i mot eit munnleg varsel over telefon skal varselet etter beste evne nedteiknast og sendast varslingsutvalet. Anonym varsling kan gjere det vanskeleg for fylkeskommunen å handsame saka.

Anonym varsling kan og skape mistru og svekke tilliten på arbeidsplassen. Anonym varsling bør derfor ikkje nyttast om ein har andre alternativ. Eit varsel skal uansett behandlast under streng konfidensialitet etter personopplysningslova. Konfidensialitet inneber at mottakar av varselet pliktar å handsame eitt mottatt varsel så langt som mogleg utan å røpe varslaren sin identitet til andre enn dei med lovleg tilgang. Plikta til konfidensialitet gjeld ikkje lenger enn til det punktet der andre sine rettar slår igjennom, til dømes der plikta til å utlevere informasjon til politiet eller andre offentlege myndigheiter går framfor, til dømes ved anmelding og straffeforfølgning.

## Innsyn og personopplysningar

Spørsmål om innsyn i dokumenta i saka vert regulert av forvaltningslova, offentleglova, personopplysningslova og i særlege høve av særlover. I fall varselet berre gjeld ein person har vedkomande rett på innsyn i sakedokumenta i tråd med reglane i forvaltningslova §§ 18 og 19, og personopplysningslova § 18. Han eller ho skal få gjere seg kjend med skuldingane og kva opplysningar som er gjeve om tilhøvet, for å leggje til rette for kontradiksjon.

Opplysningar om kritikkverdige tilhøve som er knytt til namngjevne personar skal handsamast i samsvar med personopplysningslova. Utlevering av personopplysningar skal som regel ikkje skje, og opplysningar som kjem inn i ei varslings sak vil ikkje bli brukt i andre saker enn føremålet opphavleg var.

## Rettsvern ved varsling

Arbeidstakar som varslar skal vernast mot ulovleg gjengjelding, jfr. arbeidsmiljølova §§ 2-5 jfr. 2-4. Ulovlege gjengjeldingshandlingar omfattar både formelle og uformelle, negative reaksjonar som følgjer av varselet. Å utøve gjengjeldingshandlingar ovanfor ein arbeidstakar som har varsla, er forbode og vil bli arbeidsrettsleg sanksjonert.

## Varslingsutvalet

Varslingsutvalet er det øvste organet for handsaming av varsling i Hordaland fylkeskommune. Varslingsutvalet skal handtere saker som gjeld fleire einingar i Fylkeskommunen, saker som involverer leiinga i fylkesadministrasjonen og enkeltsaker som vert sendt Varslingsutvalet. Varslingsutvalet kan òg ta opp generelle spørsmål. Dei vanlege sakshandsamingsreglane i avsnittet «sakshandsaming av varslings saker» gjeld når utvalet handsamar enkeltsaker. Fylkesrådmannen oppnemner representantar til utvalet etter drøfting med dei tillitsvalte. Utvalet vert oppnemnd med funksjonstid på 3 år.

Utvalet skal møte når det vert meld saker som skal handterast på øvste nivå, og seinast innan 14 dagar etter at saka er meld. Dersom det er saker som hastar har leiaren mynde til å bestemme at ei sak anten skal handsamast, eller ikkje handsamast, i varslingsutvalet. Utover dette har utvalet eit fast møte i året for å drøfte om rutinar og system fungerer etter intensjonen. Det skal førast referat frå møta i utvalet. Fylkesdirektør økonomi og organisasjon skal til ei kvar tid vere informert om saker som er meldt til handsaming i utvalet.

Samansetjing av varslingsutvalet pr april 2017:

- Seniorrådgjevar Bjørn Erik Linde leiar
- Seniorrådgjevar Stian Skår Ludvigsen
- Spesialrådgjevar Adeline Landro
- Lektor med till. I Sjur Inge Veim
- Sekretær: seniorrådgjevar Sigrid Helene Aardal

**Adresse: Varslingsutvalet, Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen.**

## Administrasjon, rapportering og evaluering

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon har ansvar for at varslingsrutinen vert gjort kjend for alle tilsette gjennom aktiv formidling gjennom for eksempel: Intranett, brosjyre, plakatar o.a. Det skal jamleg gjennomførast kurs for ulike grupper tilsette i høve til deira særskilte roller og behov: tilsette, leiarar og verneombod. Utforming av kursopplegg bør skje i samarbeid med dei tillitsvalte.

Det skal årleg rapporterast til fylkesutvalet og kontrollutvalet om mellom anna følgjande:

- a) Talet på saker som er mottatt etter varslingsrutinen.
- b) Kva for forhold det har blitt varslet om.
- c) Korleis saker om varsling har blitt handsama (ex: Bruk av ekstern gransking m.v.)
- d) Eventuelle eksterne varslingar til offentlige myndigheiter og/eller offentlegheit.

Om erfaringane tilseier revidering av rutinane, skal forslag til endringar leggjast fram i årsrapporten.



Arkivnr: 2014/12636-11

Saksbehandlar: Karstein Oen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	13/17	18.05.2017

### Lokale retningsliner for heiltidskultur

#### Samandrag

Det vert i denne saka lagt fram forslag til lokale retningsliner for heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune. Gjennom aktiv bruk av lov- og avtaleverket og ei bevisst haldning til tema deltid kan HFK kome nærare ei målsetting om ein heiltidskultur.

#### Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner forslag til lokale retningsliner for heiltidskultur i HFK.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

1 Lokale retningsliner for heiltidskultur



**Fylkesrådmannen, 04.05.2017**

I samsvar med hovudtariffavtalen kap. 1, § 2.3.1 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd forslag til lokale retningsliner for ein heiltidskultur. At HFK skal ha ei målsetting om å utvikle ein heiltidskultur inneber at fylkeskommunen må ha fokus på deltid generelt og på ufrivillig deltid spesielt. Eit viktig delmål vil vere å få ned talet på ufrivillig deltid. For å kome dit må HFK m.a. ta aktivt i bruk lov- og avtaleverket på området ( arbeidsmiljølova, hovudtariffavtalen). Vidare må HFK utøve ei bevisst haldning til deltidsproblematikk og arbeide langsiktig og strategisk for å nå målsettinga om ein heiltidskultur. God forankring gjennom breie prosessar er avgjerande for å oppnå varige resultat.

Retningslinene som er utarbeidd har fokus på regelverket kring førerrett for deltidstilsette, meirarbeid utover definert stilling og praksis i høve til utlysing av ledige stillingar. Gjennom ei konsekvent praktisering av retningslinene kan HFK få ned talet på ufrivillig deltid. Men det føreset god prosessar og konstruktivt samarbeid mellom leiing og tillitsvalde.

# Lokale retningslinjer for heiltidskultur

## Innleiing

Hordaland fylkeskommune har som mål å utvikle ein heiltidskultur i organisasjonen. Dette inneber fokus på faktorar som kan bidra til å redusere deltid generelt og ufrivillig deltid spesielt i HFK. Aktiv bruk av lov- og avtaleverket vil vere ein slik faktor. Desse retningslinjene ser på sider ved regelverket som kan medverke til at HFK kjem nærare målsetjinga om ein heiltidskultur.

## Bruk av førerett

Aml § 14-3. Førerett for deltidsansatte

- (1) Deltidsansatte har fortrinnsrett til utvidet stilling fremfor at arbeidsgiver foretar ny ansettelse i virksomheten.*
- (2) Fortrinnsretten er betinget av at arbeidstaker er kvalifisert for stillingen og at utøvelse av fortrinnsretten ikkje vil innebære vesentlige ulemper for virksomheten*
- (3) Før arbeidsgiver fatter beslutning om ansettelse i stilling som arbeidstaker krever fortrinnsrett til, skal spørsmålet så langt det er praktisk mulig drøftes med arbeidstaker, med mindre arbeidstaker selv ikke ønsker det.*
- (4) Fortrinnsrett etter § 14-2, med unntak av § 14-2 andre ledd første punktum, går foran fortrinnsrett for deltidsansatte.*
- (5) Tvist om fortrinnsrett for deltidsansatte etter § 14-3 avgjøres av tvisteløsningsnemnda, jf. § 17-2*

## Merknader

Ledige stillingar skal som hovudregel lysast ut internt i HFK slik at deltidstilsette kan få utvida sitt arbeidstilhøve inntil heil stilling. Føreretten gjeld stillingar som har om lag same arbeidsoppgåver som den deltidstilsette utfører i dag og som den deltidstilsette er kvalifisert for.

Den som søkjer på internt utlyst stilling må i søknaden gjere merksam på at han/ho har rettskrav til utvida stilling etter Aml. § 14-3.

Arbeidsgjevar har ei plikt til å drøfte spørsmålet om førerett til utvida stilling med den som set fram eit slikt krav. Tema er utøving av føreretten; om arbeidstakar er kvalifisert for stillinga eller at føreretten kan gjennomførast utan vesentleg ulempe for verksemda.

I vurderinga av søkjar skal ein vektlegge både faglege og personlege kvalifikasjonar. I vurderinga av ulemper må ein sjå på om utøvinga av føreretten vil gi urimelege utslag for verksemda. Arbeidstakar kan ikkje velge seg ein brøk/del av ei ledig stilling, men må i utgangspunktet akseptere heile den utlyste stillinga. Det kan i særskilde høve gjerast unntak frå denne regelen.

Dersom eininga vurderer at utviding av stilling for ein deltidstilsett er av vesentleg ulempe for verksemda, skal denne utvidinga vurderast av partane på verksemdsnivå (HFK) før avgjerd vert teke i saka. Det er vidare adgang for partane å bringe saka inn for ei tvisteløysingsnemnd jf. Aml § 14-3 (5).

Deltidstilsette i fast stilling har prioritet føre ein mellombels tilsett. Mellombels tilsette har i utgangspunktet ikkje førerett etter aml § 14-3 sjølv om han/ho er tilsett i ei deltidsstilling. Heller ikkje innleidd arbeidstakar har noko førerett.

Tilsette i deltidsstilling som ønsker å nytta føreretten må melda dette til arbeidsgivar (aktivitetsplikt) Tvist om føreretten for deltidstilsette etter aml § 14-3 skal avgjerast av tvisteløysingsnemnda.

## Meirarbeid

Aml § 14-4 a. Rett til stilling for deltidsansatte tilsvarende faktisk arbeidstid

*(1) Deltidsansatte som de siste 12 måneder jevnlig har arbeidet utover avtalt arbeidstid, har rett til stilling tilsvarende faktisk arbeidstid i denne perioden, med mindre arbeidsgiver kan dokumentere at behovet for merarbeid ikke lenger foreligger. Tolv månedersperioden skal beregnes med utgangspunkt i det tidspunktet arbeidstaker fremmet sitt krav.*

*(2) Tvist om rett etter denne bestemmelsen avgjøres av tvisteløsningsnemnda.*

### Merknader

Typisk situasjon for arbeid utover avtalt arbeidstid vil vere der arbeidstakar arbeider «ekstravakter» utover avtalen eller av andre årsaker arbeider meirtid/overtid i delstillinga. Regelen gjeld uavhengig av om det er auka arbeidsmengde, sjukefråvær eller andre tilhøve som grunnlegg behovet.

Meirarbeidet må ha vore jamnlegt (ha ein viss hyppighet), men ikkje nødvendigvis likt fordelt over heile perioden på 12 månader. Arbeidstakar må sjølv fremme krav om utvida stilling.

Regelen gjeld ikkje mot situasjonar kor det er avtalt ei utviding av stillinga i form av ei mellombels tilsetning, som til dømes tilsetning i eit vikariat. Slik tilleggsstilling kan ikkje sjåast på som «arbeid utover avtalt arbeidstid» i relasjon til Aml § 14-4 a (1).

## Utlysing av stillingar

1. Ledige stillingar skal som hovudregel lysast ut internt i HFK med ei veker frist jf. HTA § 2.3.1. Slik utlysing skal skje via Personalportalen og eventuelt ved oppslag på intranettet. Arbeidsgivar må særskilt passe på å informere arbeidstakarar i ufrivillig deltid om ledige stillingar jf. Aml § 14-1. Leiar skal m.a. gjennom medarbeidarsamtaleverktøyet skaffe seg oversyn over tilsette i ufrivillig deltid.

2. Den deltidstilsette som søker/set fram krav om førerrett, må ha dei kvalifikasjonar som er kravd for den ledige stillinga.

3. Dersom fleire deltidstilsette søker same stilling/set fram krav om førerrett skal kvalifikasjonsprinsippet leggjast til grunn. Står søkerane elles kvalifikasjonsmessig likt, skal den med lengst tenestetid i HFK få tilbodet.

4. Deltidstilsette må som hovudregel takke ja til heile den ledige stillinga. Arbeidstakar kan i utgangspunktet ikkje velje seg ein brøk/ein del av ei ledig stilling, men må akseptere heile den utlyste stillinga. Det kan gjerast unntak der dette ikkje skapar vesentlege ulemper for verksemda.

5. Dersom det ikkje vert tilsett i ledig stilling etter intern utlysing skal stillinga(ne) lysast ut eksternt.

6. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for at nyoppretta stillingar fortrinnsvis vert skipa som heile stillingar i samsvar med HTA kap. 1 § 2.3.

Namn på dokument  
Type dokument  
Utarbeidd av:

Godkjend av:  
Godkjend dato:  
Gjeld frå:

Revidert dato:  
Arkivsak:  
Side 2 av 2



Arkivnr: 2015/11349-46  
Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	62/17	09.05.2017
Utval for miljø og samferdsel	68/17	10.05.2017
Hovudarbeidsmiljøutvalet	18/17	12.05.2017
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	68/17	16.05.2017
Administrasjonsutvalet	14/17	18.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

## Temaplan "Likeverd i Hordaland fylkeskommune" - vedtak

### Samandrag

Temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» skal vere ein generell plan mot mobbing og diskriminering, og den skal omhandle både arbeidsgjevar- og tenesteytarperspektivet.

Arbeidet med å utarbeide planen har vore administrativt leia, og gjennomført med representantar frå aktuelle avdelingar i fylkeskommunen.

Det blir i planen foreslått fire hovudmål, med underliggende strategiar, som omfattar hovudutfordringar i planen. Dei fire hovudmåla er:

- Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting
- Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for fleire gode leveår for alle
- Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing
- I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtte med respekt, og mangfald blir sett på som ein ressurs.

Temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» er ein overordna plan som skal gi retning for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune.

Planen er bestilt av fylkestinget i vedtak i sak 82/2014. Tolking og spesifisering av mandatet frå fylkestinget vart lagt fram for fylkesutvalet i sak RS 127/2015.

Det kom inn fem høyringsfråsegner, desse ligg som vedlegg i høyringsrapporten. Tilbakemeldingane er generelt positive. Nokre av innspela er forslag til konkrete tiltak, og andre innspel er av meir generell karakter.

Høyringsinnspela er i nokon grad tatt omsyn til i kapitlet «Bakgrunn og oppfølging» i temaplanen.

I møteprotokollen etter fylkesutvalet sitt møte 23. juni 2016 er det under sak PS 187/16 tatt inn eit oversendingsforslag frå Tom Sverre Tomren (MDG) på vegner av MDG som omhandlar Hordaland fylkeskommune si tilslutning til «Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i

lokalsamfunnet». Fylkesrådmannen viser til RS 17/2016 og ser det som naturleg at Hordaland fylkeskommune, i tilknytning til etablering av ein likeverdsplakat, sluttar seg til «Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet».

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune».
2. Temaplanen skal rullerast kvart fjerde år.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet».

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 09.05.2017**

#### **Vedtak**

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017**

#### **Vedtak**

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### **Vedlegg**

- 1 Temaplan: "Likeverd i Hordaland fylkeskommune"
- 2 Høyringsuttale - temaplan
- 3 Høyringsuttale - temaplan
- 4 Høyrings svar "Temaplan for likeverd"
- 5 Høyringsuttale Likeverd i HFK - UFU
- 6 Høyringsfråsegn frå Stord kommune
- 7 Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet
- 8 Underliggende dokument

- 9 Generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering - tolking av mandat
- 10 Charter for likestilling mellom menn og kvinner i lokalt og regionalt samfunnsliv

## Fylkesrådmannen, 20.04.2017

### 1. Bakgrunn

Likeverd er ein føresetnad for at Hordaland skal vere eit godt samfunn for alle. Det betyr at alle i Hordaland skal ha same tilbod og høve til samfunnsdeltaking – uansett kjønn, alder, etnisk bakgrunn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.

Fylkeskommunen skal ha eit likeverdsperspektiv i planprosessar, tilsetjingsprosessar, tenesteyting, opplæring og i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Bakgrunn for prosjektet er eit vedtak fatta i fylkestinget 09. desember 2014 i sak 82/2014 «Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar». I samband med at denne planen vart sendt til rullering, bad fylkestinget fylkesrådmannen om å utarbeide ein generell plan mot mobbing og diskriminering.

Høyringsforslaget blei vedtatt av fylkesutvalet 23. februar 2017 og sendt på høyring og offentleg ettersyn 27. februar 2017 med frist 7. april.2017.

Styringsgruppa har vore samansett slik:

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Holm Svendsen (leiar)

HR-direktør, Geir Davidsen

Seksjonsleiar skule, Linda Farestveit

Prosjektgruppa har vore samansett slik:

Birte M. Aasen, prosjektleiar frå juni 2016 (Ruth Brudvik leia arbeidet fram til sommaren 2016)

Frode Mannsåker, HR-leiar, økonomi- og organisasjonsavdelinga

Laila Christin Kleppe, seniorrådgjevar seksjon skule, opplæringsavdelinga

Anne Mette Nesje Porten, spesialrådgjevar folkehelse, regional- og utviklingsavdelinga

Mari-Kristine Morberg, mobbeombod, opplæringsavdelinga

Benedicte S. Meyer, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet

Marius Kjørmo, hovudtillitsvald Samfunnsviterne (Søive Sondbø, hovudtillitsvald Naturviterne fram til 31.12.15)

Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod

### 2. Prosess og medverknad

Arbeidet prosjektet starta hausten 2015.

Prosjektet inviterte til eit innspelsmøte i mai 2016, der målet var å få nyttige innspel frå aktuelle interessentar. På dette tidspunkt var det ikkje avgjort at planen skulle sendast på høyring.

Arbeidet med planen har hatt fleire fasar, og planen har hatt mange formar før den til slutt fekk den utforminga som no er foreslått. På bakgrunn av diskusjonar i prosjekt- og styringsgruppe, og med bakgrunn i vedteken verksemdsstrategi, valde ein å lage ein overordna plan som skal gi retning for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune.

Den planen som no føreligg har merksemd på mål- og strategi. Tiltaka ligg i allereie utarbeidde handlingsplanar, rutinar, reglement m.m. På eventuelle område der den type dokumentasjon manglar, er dette påpeika i planen i kapitlet som omhandlar dokumentasjon.

Planen skal rullerast kvart fjerde år, første gang i 2021. Innan denne fireårsperioden skal all tilhøyrande dokumentasjon reviderast og tilpassast innhaldet i planen. Der konkrete tiltak enno ikkje er utarbeidd, skal dette gjerast i løpet av same fireårsperiode.

### 3. Mål og strategiar

Temaplanen «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» har følgjande mål med tilhøyrande strategiar:

- Mål: Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting
- Mål: Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for fleire gode leveår for alle
- Mål: Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing.
- Mål: I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtte med respekt, og mangfald blir sett på som ein ressurs.

Det er utvikla strategiar for alle fire hovudmåla.

Desse måla og strategiane er, i tillegg til å inngå i planen, utforma som ein plakat. Likeverdsplakaten er meint å vere eit sjølvstendig dokument som gjev retning i alt arbeid i Hordaland fylkeskommune.

Planen tek opp i seg både arbeidsgjevar- og tenesteytarperspektivet, og den har følgjande tre hovudfokusområde:

- Universell utforming
- Likestilling og inkludering
- Mobbing og diskriminering

Planen er m.a. forankra i følgjande:

- Diskrimineringslovverket
- Arbeidsmiljølova
- Opplæringslova
- Regional planstrategi
- Overordna verksemdsstrategi for Hordaland fylkeskommune
- Samfunnsoppdrag og verdiar for Hordaland fylkeskommune
- Etske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Hordaland fylkeskommune

### 4. Resultat av høyringa med tilrådingar

Høyringsforslaget blei vedtatt av fylkesutvalet 23. februar 2017 og sendt på høyring og offentlig ettersyn 27. februar 2017 med frist 7. april.2016.Høyringsforslaget blei også lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen kor det blei oppmoda til innspel.

Det kom inn fem fråsegner: ei frå kommunale organ, ei frå organisasjonar og verksemder og tre frå fylkeskommunale utval.

Høyringsfråsegnene er vedlagt saka.

Generelt er tilbakemeldingane positive til at Hordaland fylkeskommune har laga ein overordna plan for likeverd. Dei enkelte høyringsinstansane framhevar sine interessefelt, og er opptatt av at desse vert særleg ivaretatt.

Temaplanen har eit overordna perspektiv, og skal omfatte likeverd for alle. Med ein generell og kortfatta plan (Likeverdsplakaten) som tar omsyn til alle, ynskjer fylkesrådmannen gi ei tydelig og verdibasert retning for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune.

Mål og strategiar i Likeverdsplakaten vil bli konkretiserte gjennom dei underliggande tiltaks-/handlingsplanar, reglement og rutinar. Revisjon av desse skal gjerast i samsvar med Likeverdplakaten.




Fylkesrådmannen vurderer innspela som hovudsakleg konkrete tiltak, og derfor heimehøyrande i underliggende dokument til temaplanen. Nokre av innspela er tatt omsyn til i planteksten. Desse blir gjort greie for under.

- Etter innspel frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne blir følgjande setning tatt med i temaplanen under kapitlet om universell utforming:  
«Viktige funksjonskrav for menneske med nedsett funksjonsevne må alltid bli innarbeidd når tenester, programmer og rutinar vert utarbeidd i fylkeskommunen.»
- Etter innspel frå Fylkeseldrerådet blir utstøying av arbeidstakarar i seinkarrieren spesifisert under kapitlet om likestilling og inkludering.
- Etter innspel frå Ungdommens fylkesutval blir følgjande setning tatt med i temaplanen under kapitlet om likestilling og inkludering:  
«Den vidaregåande skulen skal vere ein viktig arena for integreringsarbeid blant ungdom.»
- Etter innspel frå Norsk Forbund for Utviklingshemmede blir følgjande setning tatt med under kapitlet om likestilling og inkludering:  
«Det skal vere kultur i Hordaland fylkeskommune for å tilsetje og leggje til rette for medarbeidarar med både ulike funksjonsnivå.»
- Etter innspel frå Stord kommune blir omgrepet «hordalendingar» endra til «alle i Hordaland».

#### **5. Vidare oppfølging av temaplanen**

- Ansvaret for å implementere planen ligg i linja.
- I samband med den årlege eigenkontrollen vil oppfølginga av tilhøyrande tiltaksplanar, reglement, rutinar etc. bli etterspurt. Temaplanen skal behandlast i HAMU årleg. Rapportering av status skal vere med i årsmelding for Hordaland fylkeskommune.
- Temaplanen med tilhøyrande dokument skal reviderast kvart fjerde år. Regional planstrategi vert lagt til grunn for revisjonen.
- Som arbeidsgjevar har fylkeskommunen eit samfunnsansvar, og skal bidra til eit inkluderande arbeidsliv. Dette kan ha budsjettmessige konsekvensar. Slike budsjettmessige konsekvensar skal synleggjerast i årsbudsjett for Hordaland fylkeskommune.

Når det gjeld revisjon av innhaldet i temaplanen, ligg det formelle ansvaret for slik oppfølging hos fylkesdirektør økonomi og organisasjon. Dette blir organisert gjennom ei arbeidsgruppe leia av ein representant for økonomi- og organisasjonsavdelinga.



13.06.17

# Likeverd i Hordaland fylkeskommune

Temaplan 2017 - 2021





# INNHALD

<b>LIKEVERD I HORDALAND FYLKESKOMMUNE .....</b>	<b>4</b>
<b>LIKEVERDSPLAKATEN .....</b>	<b>5</b>
<b>TILHØYRANDE DOKUMENT .....</b>	<b>6</b>
<b>Mål: Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting .....</b>	<b>6</b>
<b>Mål: Hordaland fylkeskommune skal leggje til rette for fleire gode leveår for alle.....</b>	<b>6</b>
<b>Mål: Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing.....</b>	<b>6</b>
<b>Mål: I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtte med respekt, og mangfald bli sett på som ein     ressurs.....</b>	<b>6</b>
<b>LIKEVERD I HORDALAND FYLKESKOMMUNE – BAKGRUNN OG OPPFØLGING .....</b>	<b>7</b>
<b>LIKEVERD I HORDALAND FYLKESKOMMUNE – TRE HOVUDFOKUSOMRÅDE.....</b>	<b>7</b>
<b>OPPSUMMERING .....</b>	<b>9</b>

# Likeverd i Hordaland fylkeskommune

Likeverd er ein føresetnad for at Hordaland skal vere eit godt samfunn for alle. Det betyr at alle i Hordaland skal ha same tilbod og høve til samfunnsdeltaking, uansett kjønn, etnisk bakgrunn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.

I heile verksemda skal alle oppleve å bli høyrde, tekne vare på og sikra korrekt behandling i sin kontakt med Hordaland fylkeskommune.

Fylkeskommunen skal ha eit likeverdsperspektiv i planprosessar, tilsetjingsprosessar, tenesteyting, opplæring og i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Vi tek likeverd på alvor, og det vert arbeid systematisk med problemstillingar knytte til dette.

Planen er m.a. forankra i følgjande:

- Diskrimineringslovverket
- Arbeidsmiljølova
- Opplæringslova
- Regional planstrategi
- Overordna verksemdsstrategi for Hordaland fylkeskommune
- Samfunnsoppdrag og verdiar for Hordaland fylkeskommune
- Ethiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Hordaland fylkeskommune

Ein føresetnad for å lukkast med denne planen, er eit kontinuerleg haldningsskapande arbeid, både internt blant dei tilsette og i møte med alle innbyggjarane.

Godt og inkluderande leiarskap sikrar ei kontinuerleg formidling av fylkeskommunen sine verdiar, slik kan ein ikkje berre førebyggje mobbing og diskriminering, men og aktivt styrkje arbeidet med likeverd. I fylkeskommunen er det nulltoleranse for mobbing og trakassering.

Konkretisering av handlingsplanen er ein kontinuerlig prosess og del av arbeidet med ulike handlingsplanar, rutinar, reglement m.m. i dei ulike avdelingane.

Bergen, juni 2017

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon



Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag, skal vere målbart og kome framtidige generasjonar til gode.



Vi er synlege pådrivarar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.



Vi samarbeider, og er i dialog med, innbyggjarar, kommunar og andre. Slik fremjar vi samhandling og demokrati



# LIKEVERD FOR ALLE

## **Mål:** Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal alltid vurdere konsekvensar for menneske med ulike behov når planar vert utarbeidd og tenester utført.

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal legge universell utforming til grunn for alle fylkeskommunale tenester, som kommunikasjonskanalar, bygningsmasse, transportmiddel og tenester frå underleverandørar.

## **Mål:** Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for fleire gode leveår for alle

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal ha eit folkehelseperspektiv i all planlegging.

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring, til dømes gjennom tiltak mot einsemd.

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å skape trygge og gode psykososiale miljø for alle, både elevar, tilsette og brukarane av tenestene.

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å utjamne sosiale helseforskjellar gjennom eigne verkemiddel.

## **Mål:** Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal førebygge mobbing og trakassering, mellom anna gjennom etablerte ombodstenester.

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å oppnå at 20% av læreplassane i eigen organisasjon går til lærlingar som treng tilpasningar.

Strategi: Aktuelle tilsette i Hordaland fylkeskommune skal ha tilstrekkeleg kunnskap om korleis ein avdekkar og undersøker saker, korleis ein stoppar trakassering og korleis ein igjen kan opprette eit godt og trygt miljø.

Strategi: Personer som har blitt utsatt for mobbing skal få tilbod om oppfølging etter ei sak, mellom anna gjennom etablerte ombodstenester.

## **Mål:** I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtt med respekt, og mangfald blir sett på som ein ressurs

Strategi: Hordaland fylkeskommune driv bevisst rekruttering av arbeidstakarar for å spegle Hordalandsamfunnet.

Strategi: Hordaland fylkeskommune er ei inkluderande verksemd, som arbeider for å hindre utstøyting og fråfall.

Strategi: Hordaland fylkeskommune skal arbeide for likestilling mellom kjønn.

# Tilhøyrande dokument

## **MÅL: HORDALAND FYLKESKommUNE SKAL HA EIT LIKEVERDSPERSPEKTIV I ALL TENESTEYTING**

[Regional plan for folkehelse 2014 – 2025 – fleire gode levekår for alle](#)

[www.byggforalle.no](http://www.byggforalle.no)

[Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar](#)

## **MÅL: HORDALAND FYLKESKommUNE SKAL LEGGJE TIL RETTE FOR FLEIRE GODE LEVEÅR FOR ALLE**

[Regional plan for folkehelse 2014 – 2025 – fleire gode leveår for alle](#)

[Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar](#)

[Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane](#)

Overordna HMS-plan for Hordaland fylkeskommune 2014 – 2017

Systematisk arbeid med psykososialt skulemiljø

Livsfasepolitisk handlingsplan

## **MÅL: HORDALAND FYLKESKommUNE SKAL HA NULLTOLERANSE FOR MOBBING**

Systematisk arbeid med psykososialt skulemiljø

Overordna HMS-plan for Hordaland fylkeskommune 2014 – 2017

Konflikthandtering for tilsette i Hordaland fylkeskommune

[Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar](#)

Rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune

**Skal utarbeidast: Tiltaksplan mot mobbing av elevar og lærlingar**

## **MÅL: I HORDALAND FYLKESKommUNE SKAL ALLE BLI MØTTE MED RESPEKT, OG MANGFALD BLI SETT PÅ SOM EIN RESSURS**

[Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette](#)

Lønsstrategi for Hordaland fylkeskommune

Prosedyre ved rekruttering

Tiltaksplan for likestilling og likeverd i Hordaland fylkeskommune

[Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar](#)

[Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet](#)

Mål og tiltak for Inkluderande Arbeidsliv i Hordaland fylkeskommune

Livsfasepolitisk handlingsplan

# Likeverd i Hordaland fylkeskommune – bakgrunn og oppfølging

I tråd med statlege føringar og gjeldande styringsdokument er mange tiltak innan likeverd alt sette i gang, mellom anna i samband med IA-avtalen, Folkehelseplanen, Overordna HMS-plan med fleire.

Det er viktig å understreke at dette arbeidet inneber kontinuerleg innsats og arbeid, og at ein del av tiltaka i dei ulike handlingsplanane aldri kan ferdigstillast.

Temaplanen «Likeverd for alle» tek opp i seg både arbeidsgjevar- og tenesteytarperspektivet for Hordaland fylkeskommune.

Bakgrunnen for prosjektet er eit vedtak som vart fatta i fylkestinget 09.12.2014 i saka “Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar” (sak 82/2014). I samband med at LHBT-planen vart send til rullering, bad fylkestinget fylkesrådmannen om å utarbeide ein generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering.

Basis for planen er dei fire diskrimineringslovene, Opplæringslova og Arbeidsmiljølova. Det vert for tida vurdert samanslåing/revidering av diskrimineringslovene, men arbeidet er ikkje ferdigstilt, og denne planen må derfor halde seg til eksisterande lovverk.

I tillegg er det foreslått frå politisk hald at Hordaland fylkeskommune skal signere «Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet». Ein av føresetnadene i dette charteret er at ein skal utarbeide ein handlingsplan for likestilling.

«Likeverd i Hordaland» har tre hovudfokusområde:

- Universell utforming
- Likestilling og inkludering
- Mobbing og diskriminering

Oppfølging av planen:

- Ansvar for å implementere planen ligg i linja.
- I samband med den årlege eigenkontrollen vil oppfølginga av tilhøyrande tiltaksplanar, reglement, rutinar etc. bli etterspurt. Temaplanen skal behandlast i HAMU årleg. Rapportering av status skal vere med i årsmelding for Hordaland fylkeskommune.
- Temaplanen med tilhøyrande dokument skal reviderast kvart fjerde år. Regional planstrategi vert lagt til grunn for revisjonen.
- Som arbeidsgjevar har fylkeskommunen eit samfunnsansvar, og skal bidra til eit inkluderande arbeidsliv. Dette kan ha budsjettmessige konsekvensar. Slike budsjettmessige konsekvensar skal synleggjerast i årsbudsjett for Hordaland fylkeskommune.

## Likeverd i Hordaland fylkeskommune – tre hovudfokusområde

- **Universell utforming**, jfr.Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne, kap.3 og Folkehelseplan for Hordaland 2014-2025

Universell utforming er planlegging og utforming av produkt, varer og tenester som skal hindre at vi skapar funksjonshemmande barrierar. Viktige funksjonskrav for menneske med nedsett funksjonsevne må alltid bli innarbeidd når tenester, program og rutinar vert utforma. Universell utforming skal derfor omfatte alle fylkeskommunale tenester, som kommunikasjonskanalar, bygningsmasse, transportmiddel og tenester frå underleverandørane. Det er viktig at tenestene støttar opp om og gjev brukarane høve til å vere sjølvhjelpne. Utfordringane kring universell utforming er komplekse, og kompetansen på området må stadig utviklast for å forstå behovet for tilrettelegging.



- **Likestilling og inkludering**, jfr diskrimineringslovverket

Likestillingsperspektivet må vere integreert i undervisningstilbodet og rådgjevinga til elevane. Likeeins må likestilling og inkludering vere førande når det gjeld fylkeskommunen si prioritering i økonomisk tildeling til kultur- og idrettstiltak.

Likestilling mellom kvinner og menn er ein grunnleggjande rett for alle og er av umisseleg verdi i eitkvart demokrati. For å kunne verkeleggjere denne retten, må den ikkje berre vere lovfesta, men må også nyttast effektivt på alle område: politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle (frå Det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet).

Hordaland opplever jamn innvandring, inkludert flyktningar, frå andre land, og utviklar seg til eit stadig meir fleirkulturelt samfunn. Både språklege og kulturelle barrierar kan skape utfordringar, og fylkeskommunen må ta omsyn til god kommunikasjon for å sikre riktige tenester. Døme på dette er bruk av språknøytrale symbol, profesjonell tolke- og omsetjingsteneste og klar presentasjon av tenesteapparatet.

Utanforskap har store konsekvensar både for den einkilde og for samfunnet, og er ein risikofaktor når det gjeld tilknytning til destruktive miljø. Særleg gjeld dette ungdom. Hordaland fylkeskommune skal leggje til rette for gode klasse- og skulemiljø. Den vidaregåande skulen skal vere ein viktig arena for integreringsarbeid blant ungdom

Meld. St. 16 (2015 – 2016) «Frå utanforskap til ny sjanse – Samordnet innsats for voksnes læring» tar opp dette. Hordaland fylkeskommune skal jobbe aktivt, både som tenesteytar og som arbeidsgjevar, for å hindre utanforskap.

Ein skal elles ha aktiv merksemd på at utgreiingar, planar og vedtak kan medføre utilsikta diskriminering for ulike grupper i samfunnet.

Det er eit uttalt mål for fylkeskommunen at talet på arbeidstakarar i uønskt deltid skal reduserast.

Hordaland fylkeskommune skal og ha ein lønspolitikk som ikkje favoriserer eitt kjønn. Usaklege lønsforskjellar skal elles aktivt motarbeidast, jfr. Aktivitets- og redegjæringsplikten §23 og 24 i Likestillingslova.

Hordaland fylkeskommune ønskjer eit mangfald av dyktige medarbeidarar, og må leggje til rette både for ei brei rekruttering, for å halde på dei tilsette og hindre utstøying, til dømes av arbeidstakarar i seinkarrieren. . Ei balansert fordeling når det gjeld kjønn, etnisitet, funksjonsevne og alder verkar positivt inn på arbeidsmiljøet.

Inkludering på arbeidsplassen gjev seg utslag i høfleg og omgjengeleg åtferd, mellom anna i språkbruk, humor og i den generelle kommunikasjonen. Leiarane skal sjå kvar einskild arbeidstakar som heile og verdfulle menneske, og alle skal handsamast med respekt.

Det skal vere kultur i Hordaland fylkeskommune for å tilsetje og leggje til rette for medarbeidarar med ulike funksjonsnivå.

- **Mobbing og diskriminering**

HFK har nulltoleranse for mobbing og trakassering, dette gjeld både som tenesteytar og arbeidsgjevar. Eit uttalt mål for fylkeskommunen er å redusere fråfallet i den vidaregåande skulen. Mobbing og utrygge skulemiljø er ofte ei medverkande til at elevar sluttar i vidaregåande opplæring.

Etter opplæringslova § 9a har elevane sterke rettar til eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Lærlingar og andre tilsette i fylkeskommunen er beskytta gjennom arbeidsmiljøloven § 4-3.

Arbeidsmiljølova § 4-3 tredje ledd om det psykososiale arbeidsmiljøet slår fast at arbeidstakar ikkje skal utsetjast for trakassering eller anna utilbørleg framferd.

Hordaland fylkeskommune skal vere ein pådrivar i arbeidet mot mobbing. Kompetansen på området skal kontinuerleg forbetrast, slik at det kan jobbast godt førebyggjande og slik at saker blir handterte på ein skikkeleg måte. Alle skal ha det trygt på skulen og på arbeidsplassen.


Hordaland fylkeskommune har tilsett to ombod, spesielt med tanke på elevar og lærlingar sitt skule- og arbeidsmiljø. Mobbeombodet i Hordaland arbeider for elevane skal få eit godt psykososialt skulemiljø, og elev- og lærlingombodet arbeider for å sikre at elevar, lærlingar og lære kandidatatar får oppfylt sine rettar.

# Oppsummering

Arbeidet med likestilling og likeverd, mangfald og inkludering, handlar om meir enn det som kan nedfellast i planar og lovverk. Det handlar om langsiktig arbeid, om vanskelege prioriteringar, og ikkje minst, det handlar om haldningar. Denne planen er eit uttrykk for at Hordaland fylkeskommune ønskjer å satse og gjere verdiane forpliktande for fylkeskommunen sitt arbeid framover.

